







GAULAR KOMMUNE		MØTEBOK			
KONTROLLUTVALET I GAULAR KOMMUNE					
Møtestad:	Møterommet	Møtedato:	25.10.2011	Frå kl.:	00:00
Kommunehuset på Sande (møterom)				Til kl.:	11:35
<b>Faste medlemmer i Kontrollutvalet:</b>					
	<b>Møtte:</b>	<b>Forfall:</b>	<b>Merknader:</b>		
1. Magnar Hellebust, 6978 Viksdalen (leiar)	X				
2. Jarl Tyssekvam, 6973 Sande (nestleiar)		X		Meldt	
3. Aud Lunde, 6973 Sande	X				
4. Hanne Sofie Sæterlid, 6973 Sande i Sunnfjord	X				
5. Laila Oppedal, 6978 Viksdalen	X				
<b>Varamedlemmer:</b>					
	<b>Møtte:</b>				
1. Terje Vallestad, 6978 Viksdalen.	X				
2. Lars Egil Viken, 6978 Viksdalen					
3. Kari Kristian Myrmet, 6973 Sande i Sunnfjord.					
4. Sylvia Brakestad, 6973 Sande.					
5. Unni Gjerland Lervik, Bygstad					
<b>Ordføreren har møte og talerett i utvalet:</b>					
Rådmann Helge Følid får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møte.					
<b>Andre som møtte:</b>					
SEKOM-sekretariat Vidar Øvrebø.					
<b>Saker som vart handsama / drøfta i møtet:</b>					
SAKLISTA I MØTET:					
Sak 024/11: Skriv og meldingar					
Sak 025/11: Opplæring					
Sak 026/11: Budsjett for kontroll og tilsyn..					
Sak 027/11: Oppfølgingsliste 4-2011 Gaular.					
Sak 028/11: Eventuelt.					
Sak 029/11: Orientering - ferievikar ordning ved Gaular Bygde og Sjukeheim.					
<b>Merknader:</b>					
Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste					
<b>UNDERSKRIFTER:</b>					
6973 Sande i Sunnfjord 25.10.2011					
 Magnar Hellebust, leiar		 Terje Vallestad		 Aud Lunde	
 Hanne Sofie Sæterlid		 Laila Oppedal		 Vidar Øvrebø, sekr.	

## 024/11 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 12.10.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.10.2011	024/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- SM 16-11: Vedtak kommunestyresak 25/11 Rekneskap og årsmelding 2010.
- SM 17-11 Vedtak kommunestyresak 30/11 Økonomireglement. Endringar.
- SM 18-11 Vedtak kommunestyresak 35/11 Årsmelding 2010 kontrollutvalet i Gaular.
- SM 19-11 E-post frå Joar Kirketeig til kontrollutvalet – ”Sak for kontrollutvalet”, datert 17. juni 2011.
- SM 20-11 Vedtak kommunestyresak 42/11 Val av kontrollutval 2011 – 2015.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og melding 19-11 E-post frå Joar Kirketeig til kontrollutvalet – ”Sak for kontrollutvalet”, datert 17. juni 2011 vert løfta opp som eiga sak.
- Skriv og meldingar vert ellers tekne til vitande.

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## 025/11 OPPLÆRING

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 12.10.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.10.2011	025/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- Kontrollutvalsboka (Vert levert ut på møtet)

### Andre dokument i saka (Ikkje vedlagt).

[www.fkt.no](http://www.fkt.no)

[www.nkrf.no](http://www.nkrf.no)

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet ber om å bli invitert til opplæringa av folkevalte i Gaular kommune.
- Kontrollutvalet har som intensjon at faste medlemmer og varamedlemmer skal delta på kontrollutvalsopplæringa som vert halden på Skei i slutten av januar 2012.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet ber om å bli invitert til opplæringa av folkevalte i Gaular kommune.
- Kontrollutvalet har som intensjon at faste medlemmer og varamedlemmer skal delta på kontrollutvalsopplæringa som vert halden på Skei i slutten av januar 2012.

Saksutgreiing

## **OPPLÆRING**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Opplæring av kontrollutvalet.

### **Saksopplysningar:**

Det er ikkje fastsett krav i lov eller forskrift til kva kompetanse eller erfaringsbakgrunn kontrollutvalsmedlemmene skal ha.

Gaular kommune arrangerer folkevaltopplæring for dei nyvalde kommunestyremedlemene. Sekom-sekretariat har vore i kontakt med administrasjonen med spørsmål om kontrollutvalet kan få tilbod om å delta på denne. Administrasjonen har stilt seg positive til dette. Vi kjenner enno ikkje til dato for denne opplæringa.

I slutten av januar 2012 vil det bli halde opplæring for alle kontrollutvala i fylket på Skei hotell. Dei tre kommunale revisjonsselskapa har diskutert dette på si NKRF-samling i fylket og vedteke at dei vil tilby kontrollutvala ei slik opplæring.

Kvart år held Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) kontrollutvalskonferanse med målgruppe kontrollutvala og sekretariata for kontrollutvalet. I 2012 vert denne arrangert første veka i juni i Trondheim. Kontrollutvalet i Gaular er medlem av FKT, og får såleis noko redusert pris på konferansen i høve til ikkje.

Norsk Kommunerevisorforbund (NKRF) arrangerer ein tilsvarande konferanse første veka i februar 2012 på Gardermoen.

NKRF tilbyr elles ulike kurs og konferansar inn mot ulike emne innan kontroll og tilsyn.

KRD har gjeve ut ein rettleiar om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet, kontrollutvalsboka. Boka vert levert ut på møtet. Rettleiaren er også sendt pr. e-post.

SEKOM-sekretariat lanserer også i nær framtid eiga heimeside. På denne vil sentrale lover og forskrifter bli lagde ut, samt at det vert tilgang på alle møtebøker i kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område.

Sekom-sekretariat gjennomfører ein presentasjon av selskapet, om møterutinar og om ansvaret og oppgåvene til kontrollutvalet i møtet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekom-sekretariat vurderer det som nytting for kontrollutvalet å delta på folkevaltopplæringa for Gaular. Det vil her få kjennskap til både administrativ og politisk oppbygging av organisasjonen i tillegg til innføring i sentralt lovverk.

Sekom-sekretariat vurderer det som viktig at kontrollutvalet deltek på fylkeskonferansen på Skei hotell. Denne vil vere særskilt retta mot kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver.

## 026.11 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2012

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM-sekretariat

**Dato:** 12.10.2010

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	25.10.2011	026/11	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

### Melding til:

#### Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Godtgjersle til folkevalde, vedteke i sak K 69/93.

#### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.
- Reglement/vedtak for godtgjersle til folkevalde i Gaular kommune.

#### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

Konto 11600 Skyss- og diettgodtgjersle	Kr. 4.000,-
Konto 10800 Godtgjersle folkevalde	Kr. 41.000,-
Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift	Kr. 5.000,-
Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar	Kr. 15.000,-
Konto 11959 Kontingentar	Kr. 1.000,-
<u>Konto 11651 telefongodtgjersle</u>	<u>kr. 2.000,-</u>
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr. 68.000,-</u>

#### KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

Konto 11600 Skyss- og diettgodtgjersle	Kr. 4.000,-
Konto 10800 Godtgjersle folkevalde	Kr. 41.000,-
Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift	Kr. 5.000,-
Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar	Kr. 15.000,-
Konto 11959 Kontingentar	Kr. 1.000,-
<u>Konto 11651 telefongodtgjersle</u>	<u>kr. 2.000,-</u>
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr. 68.000,-</u>

Saksutgreiing

## **BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2012**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Gaular kommune.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettår skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten "Drift av kontrollutvalet", høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle  
Køyregodtgjersle.  
Tapt arbeidsforteneste  
Møtegodtgjersle  
Arbeidsgjevaravgift  
Kurs/seminar  
Kontingentar  
Telefongodtgjersle  
Andre utgifter

Dagens satsar:

- Kost- og køyregodtgjersle vert regulert etter statens regulativ.
- Tapt arbeidsforteneste. : Ulegitimert kr. 1.038,- pr. dag. Legitimert tap arbeidsforteneste vert dekkja etter dokumentasjon inntil kr. 2.564,-. Vilkår for utbetaling av tapt arbeidsforteneste er at fråværet er på minst fire timar pr. møtedag.
- Møtegodtgjersle medlemmer i kontrollutvalet er kr. 800 og for leiar i kontrollutvalet kr. 15.804,- pr. år.

Med disse godtgjerslene som basis, har vi regulert budsjettet for godtgjersle folkevalde. Opplæring/kurs/seminar er auka frå 8.500,- til 15.000,- i samband med opplæring av nytt kontrollutval.

Gaular kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattjenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.



Budsjetta for KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Gaular kommune slik at dette er mogeleg.

## 027/11 OPPFØLGINGSLISTE 4-2011

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 17.10.2011

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	25.10.2011	027/11 - -	- - -	Ja

### **Saksvedlegg.**

- Oppfølgingsliste 4-2011 Gaular.

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Oppfølgingsliste 4-2011 vert teken til vitande.

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

- Oppfølgingsliste 4-2011 vert teken til vitande.

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 4-2011**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følge opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 17.10.2011.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 4-2011 - Gaular.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gaular kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
08/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	16.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	16.02.09: Vedtak KU vil innføre tiltak. 18.02.09 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor.
016/10 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren	07.09.10		07.09.10 Tilråding til kst 14.09.10 s Gaular 01.02.11 KU ber om at rapporten vert lagt fram for kst. 01.02.11 Brev til Gaular kommune. 06.04.11 Bede om å få tilsendt kommunestyrevedtak. 10.03.11 Vedtak kst sak 05/11.
05/11 Årsmelding 2010	01.02.11		01.02.11: Tilråding til kst. 06.04.11 Bede om å få tilsendt kommunestyrevedtak. 10.05.11 Etterspurt evt. kst. Vedtak evt bede om at saka går til kst. 10.05.11 Stadfesta frå Gaular at vil bli hs ved første høve.
12/11 Orientering teknisk sektor	29.03.11		29.03.11: Vedtak KU: KU tek orienteringa til vitande. KU ber Sekom utarbeide sak vedr. Politisk handsaming av prosjektrekneskapar til neste møte. 06.04.11 Brev s. Gaular kommune
13/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdering innkjøpsfunksjonen – val av prosjekt	29.03.11		29.03.11: Vedtak KU. 06.04.11: Utkast tinging s KRYSS
14/11 Oppmoding om å sjå på sak om avslag på søknad i strid med kommunestyrevedtak om plan for livsfasepolitikk.	29.03.11		29.03.11: Vedtak KU: Undersøke om kst vedtak sak 24/09 er etterlevd. 06.04.11 Tinging av undersøking s. KRYSS. 06.04.11 Brev til avsendar av oppmoding sendt. 10.05.11: Bede Gaular kommune om å få vedtak 24/09.
15/11 Oppmoding om å vurdere spørsmål om å delta i lønsforhandlingane for 2010	29.03.11		29.03.11: Vedtak KU: KU avstår å sjå på saka. 06.04.11 Brev til avsendar av oppmoding sendt.
19/11 Årsrekneskapen 2010 – Gaular kommune	19.05.11		19.05.11 Vedtak KU: Fråsegn vedteken 21.10.11 Sendt fråsegn til KS. 22.06.11 Rekneskap og årsmelding godkjent i KS.
20/11 Rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – Øk. Reglement Gaular kommune	19.05.11		19.05.11 Vedtak KU: Ber administrasjonssjefen legge fram sluttrapportar. 21.05.11 Sak ”Rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – økonomireglement Gaular kommune” oversendt til KS. 22.06.11 Vedtak 030/11 i KS: Endre økonomireglement. Alle prosjekt rekneskap over 2 mill. utan mva. leggst fram for KU.
21/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt; Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune -- tingsdokument	19.05.11		19.05.11 Vedtak KU: 1. Tinginga for prosjektet ”Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune” vert godkjent. 2. Tingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonisering. 21.05.11 Tinging sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonisering.

22/11 Oppfølgingsliste 3-2011 – Gaular.	19.05.11		19.05.11 Vedtak KU: Oppfølgingsliste teken til vitande.
23/11 Eventuelt.	19.05.11		Det vart ikkje teke oppsaker.
024/11 Skriv og meldingar	25.10.11		
025/11 Opplæring	25.10.11		
026/11 Budsjett for kontroll og tilsyn.	25.10.11		
027/11 Oppfølgingsliste.	25.10.11		
028/11 Eventuelt.	25.10.11		
029/11 Orientering – Ferievikarordning ved Gaular Bygde og Sjukeheim	25.10.11		25.10.11 Vedtak KU: Kontrollutvalet ber rådmann om ei orientering om ferievikarordninga på Gaular Bygde og Sjukeheim på neste kontrollutvalsmøte.

Oppdatert 17.10.11

## 28/11 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 17.10.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.10.2011	28/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

#### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.

## 029/11 ORIENTERING – FERIEVIKARORDNING VED GAULAR BYGDE OG SJUKEHEIM

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 25.10.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.10.2011	29/11	-	Nei
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

### Saksvedlegg

- E-post frå Joar Kirketeig til kontrollutvalet – ”Sak for kontrollutvalet”, datert 17. juni 2011.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

### Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Kontrollutvalet ber rådmann om ei orientering om ferievikarordninga på Gaular Bygde og Sjukeheim på neste kontrollutvalsmøte.

Saksutgreiing

## **ORIENTERING – FERIEVIKAR ORDNING VED GAULAR BYGDE OG SJUKEHEIM**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Orientering frå rådmann vedrørande ferievikarordning ved Gaular Bygde og Sjukeheim.

### **Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet mottok E-post den 17. juni 2011 frå Joar Kirketeig – ”Sak for kontrollutvalet”

Kirketeig ber i e-posten kontrollutvalet sjå på utbetaling av ekstrabonus til ferievikarane ved Gaular Bygde og Sjukeheim.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**